

Vestland fylkeskommunepost@vlfk.no

Knarvik, 8. juli 2020

Høyring til Regional transportplan Hordaland 2022-2033. Planprogram

Regionrådet i Nordhordland viser til invitasjon til å koma med høyringsinnspel til planprogrammet for Regional transportplan 2022 - 2033. Innleiingsvis vil Regionrådet visa til at med den korte fristen fylkeskommunen har på høyringa, og med frist i ferietida, så er det vanskeleg for kommunane og regionråd å ha gode prosessar på arbeidet med uttalen. Regionrådet ber om at fylkeskommunen ved seinare høve legg opp til at høyringane kan ha gode administrative og politiske prosessar også i kommunane og regionråda. Høyringa på dette planprogrammet fall og saman med høyring på fleire andre fylkeskommunale planar.

I høyringsbrevet peikar fylkeskommunen på at ein i særleg grad ønskjer tilbakemeldingar på:

- Er formålet med planarbeidet tilstrekkeleg omtala?
- Dekker dei skisserte plantema det utfordringsbildet vi har innanfor samferdselssektoren i Vestland?
- Innspel om behov for ny kunnskap, altså andre utgreiingsbehov?
- Kommenterar til organisering, prosess og medverknad

Regionrådet synest det er positivt at fylkeskommunen startar opp arbeidet med revisjon av Regional transportplan (RTP) og vil gje ein kort uttale til planprogrammet, og så vil ein koma tilbake med meir detaljar når arbeidet med felles regional transportplan startar.

Merknader til planprogrammet

- Regionrådet meiner at formålet med planarbeidet er godt omtala, og at dei skisserte plantema dekkjer det utfordringsbiletet ein har innanfor samferdslesektoren i Vestland.
- Regionrådet saknar innleiingsvis ein status / evaluering av gjeldande RTP. Kva er oppnådd i forhold til måla som vart sett – og kva er ikkje oppnådd? Dette må synleggjerast og brukast som eit grunnlag i den nye planen. Planen må gje eit godt og oppdatert bilete av utviklinga og kva som er utfordringsbilete framover. Det må bli tydeleg skilje mellom by og distrikt, slik at spesifikke byproblem ikkje vert gjort til eit distriktsproblem og omvendt.
- Regionrådet er positiv til at det skal utarbeidast eit kunnskapsgrunnlag som skal vera fundament for vidare utgreiingar. Det er viktig at dette kunnskapsgrunnlaget famnar vidt og tar med seg distrikta.
- Ei god forankring i heile fylket kan også gje utfordringar ved at alle skal ha med sitt. Regionrådet saknar at planprogrammet er tydeleg nok på at det må harde prioriteringar til, og at noko må nedprioriterast.
- Me veit alle at kostnadane til drift og vedlikehald av fylkesvegane er aukande, samstundes som etterslepet knytt til forfall og vedlikehald aukar. Dette vert forsterka etter kvart som nye investeringar vert gjort. Planprogrammet bør seia noko om denne konflikten. Vidare bør planprogrammet seia noko om fordeling av midlar mellom Bergen/bynære strøk og distrikta. Behovet er blitt forsterka med miljøløftet og byveksttalen.

- Regionrådet stiller seg bak fagleg grunnlag / utgreiingsbehova som er nemnt for drift og vedlikehald, forfallskartlegging, investeringstiltak, etterslep for tunnelar, bruer og ferjer, behov for grunnlag for prioriteringar for arbeid med skredsikring i fylket.
- Det er i planprogrammet pkt. 4.1.5 peika på utgreiingsbehov for fylkesvegar som omkøyingsvegar. Dette punktet stod også i førre planperiode, og bør no koma på plass. Nordhordland har t.d. fleire forhold her som ikkje er tilfredsstillande. Det finnest i praksis ikkje omkøyingsalternativ dersom Nordhordlandsbrua vert stengt. Det inneber at all trafikk mellom Nordhordland og Bergen vert stansa, noko som vil vera svært alvorleg med omsyn til å koma seg fram og i forhold til tryggleik- og beredskapsomsyn.
Ei stenging av E39 i Romarheimsdalen vil medføra stor belastning på fylkesveg 57 som allereie er ei sær sårbar strekning. Fylkesveg 569 Romarheim - Mo – Dalseid vert brukt som omkøyingsveg når E39 eller E16 er stengde for trafikk. Tilstanden på denne vegstrekkinga treng ikkje utdjupast. Regionrådet ber om at desse punkta kjem med i utgreiingsarbeidet fylkeskommunen skal gjera i høve til utfordringane kring omkøyingsmoglegheitene.
- Regionrådet er positiv til at RTP må seia noko om korleis fylkeskommunen skal sikra tilstrekkeleg servicetilbod / servicetiltak langs vegane og at dette bør planleggast på tvers av riks- og fylkesvegar. Det er viktig at dette vert sett i samanheng med utvikling av våre reiselivsprodukt.
- Mobilitet og kollektivtransport
 - Regionrådet er einig i at ein må ha særskilt fokus på miljøvennlege reiser i kvardagen, men vil peika på at her er det eit skilje mellom bynære strøk og distrikta. Utfordringane i fylket har store forskjellar og dermed heilt ulike løysingar på korleis transport behovet kan løysast. I byane og bynære strøk (Bergen og dei næraste kommunesentra) vil det vera utfordringar med omsyn til kapasitet, framkome og luftkvalitet. Der vil satsing på kollektivtrafikk, sykling og gåande vera ein stor del av svaret. For store delar av resten av Vestland vil bilen vera viktigaste framkomstmiddel. Med elbilar forsvinn også forureininga i stor grad og det er plass på vegane til å nytte bilen. Bilen er derfor ein viktig premis for at distrikta skal kunne utvikla seg framover også. Det er ikkje realistisk at ein stor del av transportbehovet i distrikta skal kunne løysast med kollektiv transport. Regionrådet ynskjer vidare satsing på fossilfrie bilar også ute i distrikta, men då må fylket vera tydeleg i førarsetet når det gjeld å få plass ladestasjonar. Likeins må fylket vera i førarsetet for få til gode løysingar for innfartsparkering også utanfor regionsentera slik at ein reduserer biltrafikken inn mot regionsenter og vidare inn mot Bergen.
 - Regionrådet støtter fullt ut at ein jobbar med å få til betre samhandling mellom mobilitetsaktørar, og at ein satsar på digitalisering gjennom appar og nettsider m.v. og at målet er å laga ein kanal slik at opplevingane blir betre. Billeteringssystem og satsar mellom buss, båt og tog må samkøyrast.
 - Regionrådet støtter at det må satsast meir på «Skreddarsydde reisetilbod». Ved å bruka teknologiske løysingar så ligg det betre til rette for å få til det. Ressursane som nyttast til kollektivtransporten må nyttast på ein smartare måte enn i dag. Ordninga med bestilling av busstransport i staden for tradisjonell rutekøyning bør testast ut på fleire ruter i Nordhordland med svært lave passasjertal. Kollektiv transport i distrikta er vanskeleg, og har ikkje funne ei god løysing. Regionrådet ønskjer at fylkeskommunen skriv inn i rammeprogrammet at kollektivtransporten i distrikta skal utviklast i dialog med Regionråd / kommunane for å utvikla saman riktig kollektivtiltak i distrikta.
 - Regionrådet støttar at ein jobbar for eit overordna mål om at åtte av ti barn skal velja å sykla eller gå til skulen, men dette målet er svært vanskeleg å nå i distrikta og vil krevja dyre investeringar innanfor trafikksikring. Eit anna moment er at skal ein oppnå dette, må ein behalda også desentraliserte skule – også vidaregåande. Nedlegging av vidaregåande skular i distrikta fører til auka transportbehov.

- Rekkjefylgjetiltak er viktige for å sikra betre og sikrare vegar og gang og sykkelveggar. Men mange av desse er svært tyngande og står i vegen for utvikling av lokalsamfunn og næringsretta aktivitet m.v. Ofte står regelverket og dyre krav frå Statens vegvesen i vegen, og krava er ikkje tilpassa den aktiviteten ein har i distrikta. Dette fører til at gode utviklingsprosjekt ikkje vert realisert.. Denne handhevinga der ein opplever lita vilje til å finna gode lokale løysingar kan etter kvart blir svært kritisk med tanke på oppretthalda levande og gode lokalsamfunn.
 - ✓ Regionrådet ber om at fylkeskommunen set dette høgt på prioriteringslista og går i bresjen for at ein kan realisera gode prosjektet med realistiske og enklare utbyggingskrav tilpassa lokalsamfunna enn det ein opplever i dag.
 - ✓ Regionrådet føreslår at Vestland fylkeskommune tar initiativ til at det vert sett ned ei brei samansett gruppe som kan koma fram til modeller ein kan bruka ved rekkjefylgjekrav i framtida.
- Regionrådet ønskjer at ein ser på sjøen og fjordane som ein framtidretta ferdsleveg då dette sparar areal på land, og med framtidens krav til null-utslepps fartøy er dette eit rett grep med tanke på miljø. Båttransport kan vera eit viktig supplement i kollektivtilbodet i framtida. Det må i framover gjerast investeringar som legg til rette for større trafikk og meir miljøvennlege løysingar.
- Regionrådet viser til at RTP skal vera med å sirka samfunnsutvikling også i distrikta. Ferjeavløysingsprosjektet Masfjordbrua er eit særskilt viktig prosjekt for nærings- og samfunnsutvikling i indre deler av Nordhordland, og me ventar at stat, fylke og kommune no saman finn ei endeleg løysing på finansieringsmodell for dette prosjektet.
- Val av standard
 - ✓ Midlane som kjem til nye investeringar og til vedlikehald vil vera avgrensa. Det er derfor heilt avgjerande at midlane vert nytta på ein slik måte at dei gir mest mogeleg effekt. Det er svært viktig at det handlingsrommet som fylkeskommunen har til å fråvika vegnormalane vert nytta på ein god måte. Me trur at fylkeskommunen framleis har meir å gå på der. Det kan vera meir fagleg krevjande, men det vil gje meir tenleg veg for pengane.
 - ✓ Regionrådet meiner fylket må ha ein tydeleg og prioritert profil når det gjeld satsing på vedlikehald og punktutbetring på fylkesveggar slik at ein får betre og tryggare veggar. Erfaringar frå Nordhordlandspakken er at forholdsvis små investeringar på punktutbetring gir veldig mykje igjen for pengane. Ved å velja dei riktige/kritiske punkta med god lokal kunnskap og å få til gode prosjekt, kan desse investeringane gje gode resultat. Med gode fagfolk i alle ledd, så er det mogeleg å få gode resultat og effektiv bruk av midlane. Det forutset at den fridommen som ligg i ulike regelverk og normer vert nytta ut med gode faglege vurderingar og lokalkunnskap.
- Regionrådet er svært positiv at ein legg opp til medverknad frå offentlege instansar gjennom deltaking i den administrative prosjektgruppa og i temagrupper, og at ein vil ta i bruk regionråda i fylket for å sikra god dialog med kommunane. På den måten vil RTP og tiltak bli best mogeleg forankra i heile fylket.

Med venleg helsing



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland